



## Referat møte i FAU HBUS

Tysdag 10.01.2023 kl.19:00

Stad: Møterom 222 HBUS

Tilstades: Hilde Holte Selland, Karin Street, Ine Jeanett Skjerven, Tomas Kjørlaug, Anne Therese Moen, Linda M. Hagelin og Øyvind Oksnes.

Fråfall: Linda K. Brunborg, Tonje Værret, Ann Kristin Torgersen og Monika Reime.

Sakliste:

- 24/22-23: Gjennomgang av referat frå førre FAU-møte.  
Ingen merknad etter førre møte.  
Gjennomgang av referat frå FAU-møte 29.11.2022, vedlegg 24a:  
Gjennomgang av høyringssvar SFO vedtekter.  
Gjennomgang av høyringssvar budsjett og økonomiplan.  
Gjennomgang av Vedlegg 24b  
Tilbakemelding på Fau HBUS sin høyringsuttale til budsjett, betalingssatsar, økonomiplan og planleggingsprogram.  
Gjennomgang av Vedlegg 24c Su vHafslo barne- og ungdomsskule uttale til budsjett og økonomiplan.  
Gjennomgang av Vedlegg 24d  
Tilbakemelding på Su vHafslo barne- og ungdomsskule sin uttale til budsjett og økonomiplan
- 25/22-23: Foredrag/kurs med FUG  
Har hatt gjennomgang på «grovskisse» med Jørgen Kåsa hjå FUG avtalt dette i samband med storforledremøtet og tek dette torsdag i veke 10 (09.03.2023), i Gaupne tysdag 07.03.2023).  
Leiar og rektor har dialog med dei andre skulane i kommunane, for felles opplegg.  
Gaupne Barneskule, Luster Ungdomskule og Solvorn er med.  
Foreldremøtet blir ope for alle foreldre i kommunen, invitasjon blir sendt ut via Visma.
- 26/22-23: Orienteringssaker:  
a) Orienteringar frå rektor:
  - Starta nytt semester med ti nye elevar.
  - Orientering om nye tilsette.
  - Orientering om fråvær blandt tilsette.
  - Ungdomsbase: Ynskjer å starte opp så fort som mogleg, helst i løpet av januar. Planen er at det skal vere ope ein gang i veka, stort sett onsdagar, av og til fredagar. Kjem meir informasjon etter kvart.
  - Vidaregåande elevar: Skulen får forespørslar frå russegrupper om å komme hit for å arrangere ulike aktivitetar. FAU ynskjer ikkje at skulen skal ta inn desse då dei kan bli sett på som konkurrent til eiga elevbedrift og liknande arrangert av skulen og/eller foreldre.

- Skulen tek opp att samarbeidet med Hafslø Skyttarlag og skyting gir meistring.
  - Delbart med politiet mellomtrinn.
  - Rulleblad og konsekvens med politiet for ungdomstrinnet.
  - Startar opp med COS, 1-4 klasse teamet i veke 3.
- b) Orienteringar frå andre:
- Ungdomsbase: Vore på synfaring. Jobbar med innreiing, satsar på klargjering innan to veker.
  - Prøver å få samarbeid med elevbedrift på skulen ifht arrangering av diskotek.

27/22-23: Trafikktrygging:

- a) Tilskot frå Vestland Fylkeskommune. Sluttrapport på utført tiltak er sendt ut på epost tidlegare.
- b) Hjartesone/droppsone:  
Har laga infoskriv, dette vart sendt ut til alle foreldre via Visma 13.01.2023  
Skulen ser på moglegheita til å lage ein videosnutt i valfag.
- c) Gang og Sykkelsti:  
Tok med i høyringssvar at det bør løvvast meir midlar til trafikktrygging utan at det var hengt på eit konkret punkt.

28/22-23: Evaluering Julatrefest.

- Barnetrinnet har fest kun for søsken og foreldre, mens mellomtrinnet hadde med besteforeldre. Det kan opplevast som urettferdig.
- Utfordring med at større ungar tok meir enn ein godtepose.
- Ynskeleg å fortsette med delt juletrefest. Dato må setjast i august og det bør vere to dagar på rad for å unngå mykje opp og nedrigg. Bør og sjå på tidspunkt for småkulen. Eit alternativ kan vere å samlast i klasserommet før program. Fleksibel ordning med at besteforeldre kan bli invitert på dagtid på generalprøven for dei som har mogleigheit. Dette bør takast opp på foreldremøte til hausten så kan dei bestemme der.
- Kaker: klassekontaktane bør skrive ned i permen om det var nok eller for lite kaker og bollar.

29/22-23: Gjennomgang/endring av «styrande dokumenter»

- a) Det er foreslått å flytte årsmøte frå haust til vår, dette vil medføre at vedtekter må endrast, dette må gjerast på ekstraordinært årsmøte. Dette vil også kreve endring av Handbok for foreldrerepresentantar, Årshjul og muligens også Forventningar skule – heim. Hovudargumentet for å flytta årsmøtet til våren, er at då kan avtropplande leiar og andre avslutte arbeidet til skuleslutt, og alt er klart for påtropplande til skulestart. Bør vere ein representant frå FAU på første møtet til påtropplande 1.klasse for å informere om FAU.  
Gjennomgang av endringar av vedtekter som skal gjennomgås på årsmøte.
- b) Innspel til gjennomgang av «handbok for foreldrerepresentantar HBUS»;  
Gjennomgang av forslag til endring i handbok for foreldrerepresentantar HBUS, dette arbeidet fortsett på neste FAU-møte.

c) Spørsmål om sosialkveldar.

Det er kontaktlærar som lagar lister for sosialkveldar, dette er komt på plass for kull 2016 i etterkant av FAU-møte.

30/22-23: Gratisprinsippet.

Sett i lys av saker som er komme fram i media den siste tida, så har FAU og skulen drøfta praksis kring gratisprinsippet på skulen, dette arbeides det vidare med og vert tatt opp igjen på neste FAU-møte.

31/22-23: Vakthald når elevbedrift arrangerar disco.

Så stiller kvar klasse arrangementet er åpent for med to vakter, fortrinnsvis ei mor og ein far. Sjå også rettleiing for elevkveldar for meir info.

<https://www.luster.kommune.no/getfile.php/4743030.1686.mjitsukbimsl/elevkveld+forslag+til+rettleiing.docx.pdf>